



Uskedelingen Roar Musland i Brødrene Musland Maskin har laga ein flott mur på Jensaneset på Stord og blir sterkt rosa for han i eit stort oppslag i avisa Sunnhordland. Muren er 10 meter høg og 100 meter lang og steinen er henta frå Valevåg.

Leiar i Jensanesvegen vel Elin Skjetne Lilleheie seier at muren er kjempefin og vitnar om folk som kan yrket sitt. Ho slår fast at dette er skikkeleg handverk.

Musland synest at det er kjekt å høyra rosen. Han byrja i månadsskiftet oktober/november og har jobba fire dagar i veka, Han har halde på med denne type arbeid i 5 år og vart innleigd av Engelsen Anlegg AS.

Uskedalen har med andre ord fleire som er gode til å mura, Frå tidlegare er Tor Ove Haugland trukke fram som ein murmeister mellom anna fordi han har laga så fin mur utanfor KV (AFA før).

Av Ola Matti Mathisen

(Foto: Sunnhordland)